

## **Referat FAU-møte 04.04.2019**

### **På møtet:**

Øyvind Opstad, (4.trinn)  
Janne Bore (6.trinn)  
Lise Kindervåg (2.trinn)  
Marte Ødegård Sørmarken (1.trinn)  
Guro Halvorseth Time (3.trinn)  
Idar Ree (7.trinn)  
Geir Soma (rektor)

Meldt forfall: Marte Røken (SFO), Siv Undheim (5.trinn)

Innkalling sendt av FAU-leder via e-post 03.04.3019

### **Sak 26 – 18/19 Barnevakten**

Alexis Lund kjem 13.mai  
Opplegget blir for 3. og 4.trinn på kveldstid  
Skulen inviterer og organiserer det praktiske videre

### **Sak 27 – 18/19 Laget rundt læraren og eleven**

Rektor orienterte i møtet. Bakgrunn er ny overordna del til læreplanen som blir gjeldande for august 2020 (sjå [www.udir.no](http://www.udir.no)). I overordna del er det no uteha 5 områder:

«Laget rundt lærarane og eleven» er knyttta til området «Folkehelse og livsmeistring», For å ta hys på dette oppdraget tenkjer rektor at det er behov for å få fram heile laget rundt elev-lærar. Det betyr å tydeleggjera alle faginstansar som tangerer skuleverksemda (helsesjukepleiar, PPT, miljøtenesta, og sjølvsagt lærarane).

«Laget» er inspirert av arbeid gjort av [www.forandringsfagbrikken.no](http://www.forandringsfagbrikken.no) og [www.skoleproffene.no](http://www.skoleproffene.no). Dette er eit arbeid som Rosseland utviklar saman med alle skulane i kommunen.

FAU har sett at skulen allereie er i gang med dette arbeidet, og tykkjer skulen gjer mykje godt arbeid.

### **Sak 28 – 18/19 Forslag frå Rosseland BK om utbygging av ballflater på skuleområdet**

Rektor orienterte i møtet om dei to alternativa.

FAU ynskjer i utgangspunktet å støtta RBK sitt ynskje om meir ballflate i nærleiken, ein klubb som gjer mykje til ungane i krinsen. FAU ser derimot at begge alternativa vil ramma gode og etablerte leikeområde til elevane på skulen/SFO. Med eit reint skuleperspektiv er det allereie ei stor ballflate for elevane, medan det ikkje er raust med andre alternativ for leik til ein så stor skule som Rosseland er. FAU er skeptiske til så store inngrep som ein kunstgrasbane vil vera i området mellom Rosseland A- og D-bygg, som det enno ikkje føreligg ein heilskapleg plan for. I alternativet med bane rett ved klubbhuset fryktar FAU at fine leikeløyper forsvinn. Det kan likevel vera mogleg å både få til ein ny kunstgrasbane og få ta vare på viktige leikeapparat for ungane på skulen.

FAU ynskjer innspela velkomne, og tenkjer at det vil vera mogleg å få til mykje. Kommunen vil nok saman med RBK finna ei løysing kor det både er plass til fotball på kunstgras og eit mangfald av andre leikeaktivitetar.

### **Sak 29 – 18/19 Foreldreundersøkinga 2018**

Rektor gjekk gjennom tala frå undersøkinga i møtet. Med SMS-løysinga gjekk svartalet frå rundt 50 stk til over 400.

Rektor opplever mange positive signal. Ingen svært negative tilbakemeldingar. Tendensen er det same på alle trinn. Ingen trinn skil seg ut på noko.

Undersøkinga kan brukast til å stadfesta at noko må skulen gje rett, når tilbakemeldingane er såpass positive. I år er det så mange som har svart slik at det gjer meining å bruka inn mot personalet.

Olweusundersøkinga (elevundersøking om mobbing) kom denne veka og blir lagt fram seinare.

### **Sak 30 – 18/19 17.mai**

Janne orienterte i møtet om arbeidet

FAU har framleis ikkje fått VIPPS på plass men arbeider med saka.

Lise ordnar med veksel, og Janne overleverer pengane Lise på kvelden og leverer i banken, anten fredag eller måndag.

Idar sender over info om Trones-modellen.

Kantina stenger kl.12:30 då fotballkampen startar.

17-mai-komiteen ynskjer å ha eit møte i forkant av FAU-møtet 2.mai (ca.kl.19:00). Janne sender ein e-post til Geir og minner om dette i forkant.

**Sak 31 – 18/19 Skolelyst** (skulemjølk). Tine vil tilby eit større mangfold av produkt og har sendt skulen eit tilbod (vanleg mjølk og havremjølk er eit krav). Rektor la fram saka i møtet og om FAU vil meina noko om dette.

Skulen har i dag lettmjølk, ekstralett og laktosefri.

FAU foreslår at dette må vera ei sak for elevrådet og at deira stemme skal avgjera.

Rektor har sett noko på spørsmålet frå sist FAU, kor andre skular i nærleiken får til kantine med godt utval. Skulen har ikkje optimale fasilitetar og må då kanalisera ein god del midlar om det skal vera eit tilbod på skulen.

**Sak 32 - 18/19 Hjertesone.** Idar har vore i kontakt med kommunen. Positive og kjenner til prosjektet til Trygg Trafikk. Kommunen vil at me skal få ned ideane me har hatt på ei skisse og senda over til Malene Ravnsbæk (48071660), [Malene.Ravnsbaek@time.kommune.no](mailto:Malene.Ravnsbaek@time.kommune.no)

Idar får oppdraget med å leggja fram ei skisse til Time kommune om en mogleg snuplass nede ved tennishuset.

Minner om dei to siste møta dette skuleåret:

Torsdag 02.05.2019 kl.20.00

Torsdag 06.06.2019 kl.20.00

Referent,

Idar Ree

FAU-kontakt for 7.trinn